



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	02.11.2018
Kl.	12:15 – 15:10

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Trude Brosvik, KrF

Varamedlemer til stades:

Jon Olav Kvamme, KrF

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 119/18 vart handsama før sak 118/18. Elles vart sakene handsama i den rekjkjefølgja som framgår under.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Helen Hjertaas til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar:

I tilknyting til dokument 7 og 8 a - e i sak 118/18 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen og adv. Per Andreas Bjørgan, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-216. Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene i samband med orienteringa og den etterfølgjande drøftinga, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

SAK 114/18 Fv. 303 Seimsdalstunnelen - søknad om fråvik

VEDTAK:

Fylkesutvalet godkjenner fråvik frå krav til køyrebreidde og breidde på gang- og sykkelveg i fv. 303 Seimsdalstunnelen.

SAK 115/18 Fv 607 Brensdalstunnelen - søknad om fråvik til lyssetting

VEDTAK:

Det vert gjeve fråvik frå krav til lyssetting i fv. 607 Brensdalstunnelen.

SAK 116/18 Økonomisk kompensasjon for oppfølging av krav i tunnellsikkerheitsforskrifta

VEDTAK:

Brev frå fylkesordførar (vedlegg til saksframlegget) om økonomisk kompensasjon for oppfølging av krav i tunnel-sikkerheitsforskrifta vert sendt Samferdsledepartementet.

SAK 117/18 Høyring - Regional utviklingsplan - Helse Vest RHF

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommunen gir svar på høyring om Regional Utviklingsplan – Helse Vest RHF slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling, jf. s.2 i saka.

SAK 118/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 2. november 2018.

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a og b: Søknad om auka driftsstønad - Sogn og Fjordane teater
- 2: Nominasjon til Forskningsrådet sitt hovedstyre - Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kandidat
- 3a: Brev frå KMD datert 28.08.18: Finansierings- og forsikringsordninger for kommunal infrastruktur - Svar på forespørsel om iverksetting av videre utredningsarbeid.
- 3b: Brev frå KS til KMD datert 13.09.18: Finansierings- og forsikringsordninger for kommunal

infrastruktur

- 4: Innbyding til høyring - Vest politidistrikt sin indre organisering etter endringar i kommunestrukturen.
 - 5: Søknad om oppheving - Stiftinga Norsk sjøfuglsenter
 - 6: Brev frå Statens vegvesen datert 18.09.18. Fv. 60 Utvik, Storelva bru. Stryn kommune, vedtak.
 - 7: Notat frå Lund & Co: Løypemelding V/2018
Ikkje offentleg, Offl. § 23, fjerde ledd
 - 8a: Notat frå Lund & Co: Modell for overdraging av aksjar i Sogn og Fjordane Holding til primærkommunane
 - 8b: Brev til kommunane
 - 8c: Aksjonæravtale, SF Holding
 - 8d: Vedtekter, SF Holding, alternativ 1
 - 8e: Vedtekter, SF Holding, alternativ 2
Ikkje offentleg, Offl. § 23, fjerde ledd
 - 9: Rapport frå Statens Vegvesen: Flaum 14. – 15. oktober 2018
 - 10: Innspel til statsbudsjettet 2019 frå fylkeskommunen
 - 11: Avhending av ikkje-aktive fiskerihamner i Sogn og Fjordane
-

SAK 119/18 Avslutning av Statfjord A - Høyring av konsekvensutgreiing

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at hovudtilnærminga for avslutning av Statfjord A bør vere at alle innretningar på sokkelen - som ikkje lenger er i bruk - skal fjernast.
2. Konsekvensutgreiinga argumenterer med at det er vanskeleg å fjerne betongunderstellet på ein sikker og økonomisk forsvarleg måte. Norsk petroleumsnæring har sidan starten vist gode evner til å løyse krevjande utfordringar. Berre på norsk sokkel må svært mange installasjonar fjernast i åra som kjem. Dette bør inspirere til at ein ut frå miljøomsyn, så vel som omsyn til norsk teknologiutvikling og verdiskaping, må arbeide for maksimal opprydding på sokkelen.
3. Ilandføring til Noreg for opphogging og resirkulering er viktig. Mange avslutningsprosjekt vil i sum representere stor verdiskaping også på land. Det er viktig at utvikling av norsk kapasitet vert stimulert gjennom konkrete oppdrag, slik at mest mogleg av verdiskapinga kan skje innanlands.
4. Enkeltløftmetoden framstår som god med omsyn til helse, miljø og tryggleik ut frå færre operasjonar offshore og meir arbeid under kontrollerte forhold på land. I tillegg er det grunn til å tru at fjerningsoperasjonane offshore vil gå raskare, noko som burde slå positivt ut økonomisk. Metoden vart nytta med suksess ved fjerning av Ymeplattforma. Seinare er den tyngre dekksmodulen på Brent Delta-plattforma fjerna på same måte.

5. På Lutelandet i Sogn og Fjordane, i denne samanheng «næraste nabo» til Statfjordfeltet, vert det satsa mykje på opphogging og resirkulering av offshoreinstallasjonar. På dette industriområdet ligg det godt til rette for effektiv ilandføring av store konstruksjonar som komplette dekksanlegg, noko som vart demonstrert ved ilandføring av Yme. Innseglingsforholda er gode og grunnforholda toler svært tunge konstruksjonar. Lutelandet er eit stort område der ein vil kunne setje på land fleire installasjonar ved sidan av kvarandre. Området ligg vidare slik til at arbeid med opphogging og resirkulering er til minimal sjanse for omgjevnadane. Det vart ikkje registrert klagar knytt til arbeidet med Yme.
-